



Studieforbundet kultur og tradisjon

Vågåvegen 35

2680 Vågå

tlf 61 21 77 50

[post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)

[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no)

29.11.2022

### **Vi treng folkedansline på Vinstra**

Det finst inga utdanning som tek vare på folkedansarar og folkedansen i Norge. Undervisning gjev berekraftig forvaltning av kulturarven og ei formalisert utdanning er grunnlaget for bevaring og utvikling. Det er eit behov for folkedansarar, både som sceniske utøvarar og som pedagogar.

Frå Studieforbundet kultur og tradisjon sin ståstad, er vi avhengige av å kunne halde folkedanskurs på fleire nivå, med tilgang på dyktige instruktørar. Dette er eit viktig ledd i arbeidet for å bevare og bringe den immaterielle kulturarven vidare. Det finst ein marknad, men utfordringa er at det ikkje er tilgang på nok kvalifiserte dansarar. Det finst nemleg inga utdanning for profesjonelle folkedansarar, korkje på vidaregåande- eller høgskulenivå.

Vi treng ei folkedansline på Vinstra!

Ei landsline i folkedans på Vinstra vil vera eit viktig tilskot til dansetilbodet ikkje berre i Innlandet, men for heile landet, og ikkje minst viktig for å ta vare på og vidareføre vår felles kulturarv som folkedansen er og sikre kunnskapen for ettertida.

Kjærsti Gangsø

Dagleg leiar